



## Nordhordland og Gulen Interkommunale Brannførebyggjande avdeling

NGIB  
 Dokumentsenteret  
 Kvernhusmyrane 20  
 5914 ISDALSTØ

Knarvik Ungdomsskule  
 Olaf Hella  
 5914 Isdalstø

Direkte	Telefon	e-post
Ole Johan Ingebrigtsen	56 37 56 90	liolin@lindas.kommune.no
Frode Langeland	56 37 56 91	lifrla@lindas.kommune.no
Gjert Holtan	56 37 56 88	hogi@lindas.kommune.no
Ann-Therese Strønen	56 37 56 94	Ann-Therese.Strønen@lindas.kommune.no

<b>LINDÅS KOMMUNE</b>	
MOTTATT 22 JAN 2016 Knarvik ungdomsskule	Klassering - 3. 02. 2016
Ark. saksnr 151225t	Løpenr Tilgangskode
Sakst.	

Dykkar ref:

Vår ref:  
2015\31

Saksbehandlar:  
Ann-Therese Strønen

05.01.2016

## Tilsynsrapport

Nordhordland og Gulen interkommunale brannførebyggjande avdeling (NGIB) gjennomførte branntilsyn den 11.12.2015 i Knarvik Ungdomsskule .

Tilsynet vart utført i medhald av Lov av 14. juni 2002 nr 20 (brann- og eksplosjonsvernlova) § 13 andre ledd og Forskrift av 26. juni 2002 nr 847 (førebyggjandeforskrifta, FOBTOT) § 6–2.

Sikkerheitsnivået i objektet er vurdert etter krav i førebyggjandeforskrifta og HMS-lovgivinga.

Til stade ved tilsynet:

Brannvernleiar: Olaf Hella  
 For brannvesenet: Ann-Therese Strønen

### Innleiing

Føremålet med tilsynet var å vurdera om eigar/verksemd/brukar av objektet arbeider systematisk med brannsikkerheita. Frå brannvesenets side vart det lagt vekt på å foreta ein heilskapleg vurdering av alle forhold som kan påverke sannsynet for at brann bryt ut og konsekvensar av utbroten brann. Vi gjer dykk merksam på at dette ikkje er fullstendig kontroll, og at nemnde avvik og merknader (feil/manglar) ikkje er utfyllande. Det er eigar si plikt å syta for at brannobjektet er bygd, utstyrt og vedlikehalde i samsvar med gjeldande lover og forskrifter, om førebygging av brann jf. FOBTOT § 2-1.

Tilsynet omfattar blant anna undersøking av:

- At brannobjektet er bygd, utstyrt og vedlikehalde i samsvar med gjeldande lover og forskrifter om førebygging av brann
- At brannobjektet er tilgjengeleg og tilrettelagt for redning- og sløkkjeinnsats
- At internkontroll ved verksemda er føremålstenleg på sikkerheitsområdet
- At spesifiserte aktivitetar vert etterlevd slik som beskrive.

### Omfang

Tilsynet vart innleia med gjennomgang av tidligare tilsynsrapportar, internkontrollrutinar, brannteknisk dokumentasjon og teikningar. Deretter vart det teke ein stikkprøvekontroll på objektet, samt intervju for å verifikasiere at krava er oppfylt.

Nordhordland og Gulen Interkommunale Brannførebyggjande avdeling (NGIB)

Postadr.: NGIB, Dokumentsenteret, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Visitt adr.: Stølen 7, 5911 Alversund

Tlf: 56 37 50 00

FAKS: 56 37 51 09



## Nordhordland og Gulen Interkommunale Brannførebyggjande avdeling

NGIB  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

Direkte	Telefon	e-post
Ole Johan Ingebrigtsen	56 37 56 90	liolin@lindas.kommune.no
Frode Langeland	56 37 56 91	lifrla@lindas.kommune.no
Gjert Holtan	56 37 56 88	hogj@lindas.kommune.no
Ann-Therese Strønen	56 37 56 94	Ann-Therese.Stronen@lindas.kommune.no

### Oppfølging etter siste gangs tilsyn

Førre branntilsyn vart utført: 24.06.2013.

Dei avvik som vart avdekka under dette tilsynet er følgt opp av brannvernleiar, men avvik som er vidaresendt til avdelinga for eigedom er ikkje utbedra og lukka.

Dette gjeld: Dokumentasjon av bygget er ikkje tilfredsstillande

### Generelt

Knarvik ungdomskule vart bygd i 1981, og seinare har det vore gjort endringar i 1989 og i 2010. Skulen har 327 elevar skuleåret 2015/16, og det er ca. 60 vaksne som arbeidar på skulen.

### Definisjonar:

#### AVVIK:

Brot på krav fastsatt i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerheitslovgivinga.

#### MERKNAD:

Forhold som tilsynsmyndighetene meiner det er riktig å påpeike for å ivareta helse, miljø og sikkerheit, og som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

KOMMENTARAR: Utfyllande opplysningar om avvik eller funn som beskriv dei faktiske forholda ved objektet.

### Avvik

Følgjande avvik vart konstatert under tilsynet:

#### Avvik 1

Dokumentasjonen av bygget er ikkje tilfredsstillande

#### Avvik frå:

Førebyggjande forskrifter § 2-1 og § 3-1

#### Kommentarar:

Det manglar:

- Føresetnader for bygget
- Ferdigattest/bruksløyve og/eller anna bygg- og branndokumentasjon
- Oversikt over tekniske brannverntiltak

Då det ikkje ligg føre dokumentasjon av bygget lyt eigar snarast få dette på plass. Utan slik dokumentasjon kan ikkje brannvernet kontrollere bygget tilfredsstillande.

#### Avvik 2

HMS/Internkontroll systemet er ikkje tilfredsstillande

#### Avvik frå:

Førebyggjande forskrifter § 2-2 og 3-1, og HMS-forskrifta § 5 pkt 4, 5, 6, 7 og 8

#### Kommentarar:

Verksemd/Brukar har ikkje motteke grunnlagsdokumentasjonen frå eigar

#### Avvik 3

Branninstruksane/planane er ikkje tilfredsstillande

#### Avvik frå:

Førebyggjande forskrifter § 3-1 og § 3-4, og HMS-forskrifta § 5 pkt 5 og 6

#### Kommentarar:

Instruksar må hengast opp og oppslag om maksimalt personal i sal



## Nordhordland og Gulen Interkommunale Brannførebyggjande avdeling

NGIB  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

Direkte	Telefon	e-post
Ole Johan Ingebrigtsen	56 37 56 90	liolin@lindas.kommune.no
Frode Langeland	56 37 56 91	lifrla@lindas.kommune.no
Gjert Holtan	56 37 56 88	hogj@lindas.kommune.no
Ann-Therese Strønen	56 37 56 94	Ann-Therese.Stronen@lindas.kommune.no

### Merknadar

Følgjande forhold vart påpeika under tilsynet:

#### Merknad 1

Eigar av eit byggverk skal sørge for å gradera opp sikkerheitsnivået i bygget slik at det minst svarar til nivået som kjem fram av dei samla krava gjeven av byggjeførskrift 15. november 1984 nr. 1892 eller seinare byggereglar. Dagens regelverk, TEK10, set krav til heildekjande brannalarmanlegg. Knarvik ungdomskule har ikkje røykdetektorar i alle områder. Oppgraderingsplikta gjeld så langt den kan gjennomførast innanfor ein praktisk og økonomisk forsvarleg ramme.

#### Andre forhold

Skulen har timer på kaffitraktar i personalrom, og SD anlegg som styrar strøm til komfyrar og liknande. Dei har laga rutinar for kva ein skal gjere dersom vann er stengt eller brannalarmanlegg er ute av drift. Brannvernleiar har ca. 10 års erfaring og gjer eit godt brannførebyggjande arbeid på skulen.

#### Oppsummering/avsluttande møte

Ved oppsummeringsmøtet vart dei registrerte avvik og merknader gjennomgått.

Det var einigkeit om at eigar/verksamd/bruker finn løysing for å retta opp avvik som er gitt i rapporten.

#### Attendemelding

Med tilvising til førebyggjandeforskrifta § 6–2 første ledd, ber brannvesenet om ein skriftleg attendemelding med framdriftsplan som syner korleis og når påpeika avvik vil verta retta.

Framdriftsplan skal sendast innan 29.02.2016 til:

**NGIB Førebyggjande avdeling  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ**

Neste tilsyn vert gjennomført i 2016.



## Nordhordland og Gulen Interkommunale Brannførebyggjande avdeling

NGIB  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

Direkte	Telefon	e-post
Ole Johan Ingebrigtsen	56 37 56 90	liolin@lindas.kommune.no
Frode Langeland	56 37 56 91	lifrla@lindas.kommune.no
Gjert Holtan	56 37 56 88	hogj@lindas.kommune.no
Ann-Therese Strønen	56 37 56 94	Ann-Therese.Stronen@lindas.kommune.no

Med førebyggjande helsing

**Nordhordland og Gulen interkommunale  
brannførebyggjande avdeling**

**N G I B**

**Brannsjef**

i

Lindås kommune

Ann-Therese Strønen

Ann-Therese Strønen  
Branningeniør

Karl J. Romarheim

Karl Johannes Romarheim

Kopi: Lindås Kommune; Felles Postmottak; Kvernhusmyrane 20; 5914 Isdalstø;